



VELKOMMEN TIL GVARV OG EI VANDRING I GAMLEGATA

HEFTET ER UTGJEVE AV LIONS CLUB SAUHERAD

MED HJELP OG STØNAD FRÅ SAUHERAD KOMMUNE
OG DET LOKALE NÆRINGSBLIV

FOR Å FREMJJE KUNNSKAP OM GVARV SOM BYGDEBY
OG FERDSELSSTAD I 100 ÅR



coop
prix


HOLLA OG LUNDE
SPAREBANK

*Gunn's
Salong*


ASK
Antikvariat & Bokhandel


Holtskog Nyhuus
Design Ans

AUNE RØR

**Gvarv
Bilverksted
As**

*Gvarv-
kiosken*

KIWI 
Gvarv

autoprofilas

Holte 
Industri a.s

 **SLEMMELID
BILGUMMI**

Ames  *Gunnars*
Kafeteria as *Selskapsmat*


KJERNEHUSET
Mat-og
aktivitetshus


NORSJØ
HOTELL AS

**TEKSTEN
FAMILIE-
CAMPING**


Gvarv Bakeri

BNA Telemark
BRUKT • NYTT
ANTIKK


**EVJU
BYGDETUN
SAUHERAD**

**MIDT-TELEMARK
ENERGI** 

**TELE
BILOMSETNING
AS**

GVARV SOM BYGDEBY OG FERDSELSTAD

Navnet Gvarv kjem av ordet kvarv – der elva gjer ein kvarv eller sving, som på dialekt blir til Gvarv.

Utviklinga av Gvarv som tettstad må sjåast i samanheng med handelsverksemda rundt Norsjø-Skienskanalen i 1860-åra. Der blei Gvarv eit knutepunkt for vidare transport til øvre delar av Telemark. Gvarv fekk dagleg samband med Skien og andre stader rundt Norsjø.

På den tida var vassvegen viktig for gods- og persontrafikken etter som vegnettet var heller dårleg utbygd. Om vinteren gjekk trafikken på isen.

I denne tida blei Gamlegata forma. Den fyrste krambua med kolonialhandel kom på midten av 1800-talet. Håndverkarar som skreddarar, smedar og bakarar, samt meieri og anna verksemd blei etablert. Litt utanfor og over gata blei sorenskrivar-garden bygd og det oppstod eit lite embetsmannsmiljø med sorenskrivar, sakfører og distriktslege på Gvarv.

Rundt 1918 blei Sørlandsbanen lagt gjennom Gvarv og dette fekk etter kvart store fylgjer for tettstaden. Trafikken gjekk over til jernbanen og båtane slutta å gå til Gvarv brygge.

Etter dette stod utviklinga i Gamlegata nesten stille. Men dei fleste gamle bygningane, bygd i sveitser-, jugend- og seinempirestil, er godt teke vare på og mange av dei er i dag nytta som bustader.

På dei neste sidene skal vi ta for oss nokre av dei eldre husa som stend att. Med heftet i handa kan du ta ei vandring gjennom Gamlegata og få litt kunnskap om husa og staden.

Tekst: Torstein Fosstveit. Hovudkjelde til tekst: Mykje av opplysningane er henta frå Sauherad kommunes arbeidsutval for bevaring av Gamlegata. Foto: Thorleif Søreid



NÆS FORBRUKSFORENING

På denne staden blei det åpna «Handelshus» så tidleg som i 1870. I 1895 fekk huset 2 høgder og den sveitserstilen det har i dag (til venstre i biletet).

Sidan, i 1924, kom det eit tilbygg med pakkbu og utleigesal. Næs Forbruksforening utvida i 1956 vestover og dreiv daglegvareforretning der heilt opp mot århundreskiftet. Tida for forretningsdrift i den gamle sveitserhusdelen var da over.

Dei fleste husa i sveitserstil i Norge blei bygd mellom 1860 og 1920. Ofte var det som med dette huset, at opprinneleg var det eit eldre hus, og når dette skulle pussast opp, fornyast eller utvidast, blei sveitserstilen nytta.

I vårt område blei denne byggestilen mykje brukt i denne perioden.

I bygningane har det ellers vore folkebibliotek, Saude og Nes Sparebank heldt til her før dei fekk sitt eige nybygg, og dei siste åra har den eldste delen vore nytta til kunstnarhus.



KORNMAGASIN OG PAKKBU

I løpet av attenhundretalet blei det i Norge bygd ei rekke kornmagasin som hadde til oppgave å virke som ei sikring mot uår og dårlege tider. Nesherad fekk sitt i 1852. Det blei fyrst plassert på Skrivarmoens, men blei seinare flytt ned til Gamlegata.

I 1867 åpna Saude og Nes Sparebank si verksemd etter at kornmagasinet, saman med det frå Sauherad sogn, blei seld. Inntektene frå salet, 1.125 specidaler, blei så grunnfondet i den nye sparebanken. Sitt siste bruksområde var frå 1873 som pakkbu for Næs Forbruksforening, som nytta bygget så lenge den hadde verksemd.

Sparebankstiftelsen DnB NOR har nå, saman med Sauherad kommune, gjeve store bidrag til bevaring av bygget for ettertida.



APOTEKBYGGET

Døme på eit bygg i jugendstil i Gamlegata. Jugendstilen oppstod i Tyskland og Frankrike og blei også kalla Art Nouveau. I Norge fekk den si store utbreiing mellom 1900 og 1910.

Stilen er prega av bogar, gjerne asymmetriske liner og dekorative element, ofte på fasaden og rundt vindauge og dører. Bygningane har store tak med brotne takflater og ofte takutbygg og karnappar.

Bygget blei nytta som apotek etter det blei bygd i 1917 og fram til slutten på sekstitalet. Sidan blei det i ein periode nytta som elektrisk installasjonsforretning.



LANDHANDEL OG MJØLKEUTSALG

Denne bygningen er førd opp i empirestil. Stilarten løyste av rokokkoen som stilart i Europa tidleg på 1800-talet. Norge importerte denne stilen, som opprinneleg var ein typisk steinarkitekturstil og hadde sine førebilde frå den gamle greske og romerske arkitekturen.

Husa skulle vera kvite, mest som marmor. Inngangspartiet var markert med enkle tresøyler. Vindaugene var større enn før, med seksdelt oppruting og midtstolpar.

Dette huset blei bygd i 1916 og det blei drive landhandel og mjølkeutsal her. Mjølkeutsal og med diverse kioskvarer heldt fram her til mot slutten av 1970-åra.



BAKERI

Bygget blei oppført i 1908 som bakeri og bakeriutsalg av bakar Isak Johansen, etter at han i 1902 hadde starta bedrifta i leigde lokale. Sonen Trygve tok over i 1945 og dreiv fram mot 1960. Bedrifta blei selt til nye eigarar, som sidan har etablert seg eit stykke bortafor i Gamlegata (østover), der den hundreår lange bakartradisjonen på Gvarv framleis lever.

Huset merkar seg ikkje ut med nokon tradisjonell stilart, men har fleire forskjellige stilelement i seg.

Heile eigedommen er i og for seg typisk for Gamlegata, der mange tomter er store og med eitt eller fleire uthus bak. Tidlegare blei uthusa ofte nytta til ei eller anna næringsverksemd eller lagerbu for handelsverksemda som låg framme i gateløpet.



VONHEIM

Vonheim, som er det tinglyste navnet på eiedommen, blei bygd opp rundt 1885.

Frå 1894 tjente staden som bustad for distriktslege Jens C. Holmboe. I 1899 blei eiedommen skøyta til den neste distriktslekjaren Lauritz Chr. Paulson. Staden var i ei tid såleis med i det embetsmannsmiljøet som voks fram på Gvarv i fyrste del forrige hundreåret. Familien Paulson selde eiedommen vidare i 1930.

Som på foregåande eiedom, har vi igjen den store tomta med uthus og hage. I hagane blei det dyrka både nyttevekster og prydplanter. Etter som åra har gått, har dette sett sitt spesielle preg på gata i dag med blant anna mange høge tre og pryd-buskar.

Ved sida av det flotte tradisjonelle stabburet, er hovudhuset prega av sveitserstilen som hadde si store tid i dei åra som denne eiedommen blei bygd opp.

Meir om sveitserstilen under Gjestheim.



GVARV HOTELL

Navnet Gvarv hotell oppstod da Godtfred Nilsen, far til dei to systrene som heldt fram med hotelldrifta på Gjestheim på andre sida av gata frå 1926, sette i gang med hotelldrift her. I ein periode var det og meieridrift på eigedommen og i fleire år fram mot 1960 dreiv eigaren Hilleborg Møhn tannlegekontor her.

Dei siste åra har bygget fungera som privatbustad.

Huset, slik det framstend i dag, kan ikkje knyttast opp mot nokon rein stilart, men den har element av sveitserstilen i seg, med blant anna firedelte vindauga.

Igjen har vi dette typiske for Gamlegata med store tun og uthus av ymse slag bak hovedhuset.



GJESTHEIM

Typisk sveitserstilbygning og ein av dei best bevarte i området.

Sveitserstilen er basert på bruk av trematerialer. Kledningen er ståande panel med smale, høvla bord med ein liten profil. Vindaugene er firedelte med krysspost og gjev godt lys i dei innvendig høge, luftige romma. På langfasaden har husa veranda over to etasjer med takoverdekning. Utskore rekkverk og mykje løvsagarbeid er typisk for sveitserstilen. Bygningane var opprinneleg måla i fleire fargar med okernyansar og jordfargar i kombinasjon, slik som denne særst godt vedlikehaldne bygningen framstår i dag.

Opprinneleg var det privat middelskole i bygget, men frå 1926 blei det drive som hotell fram til i 1970-åra. Gjestheim, som eigedommen heiter, hadde deilvis sjølvforsyning fram til etter krigen med 2 kyr og dyrka mark ned mot elva.



Lions virksomhet

Lions har klubber i mer enn 190 land og driver sin virksomhet på tvers av politiske, religiøse og kulturelle skillelinjer. Lions internasjonale fond bidrar hvert år med ca. kr 100 mill i forbindelse med katastrofer verden over. Lions Norge: 500 klubber; 14.000 medlemmer

Lions hovedaktiviteter

- Lions Røde Fjær
- Undervisningsopplegg om rus, narkotika og mobbing for barn og ungdom
- Lions Tulipanaksjon mot narkotika
- Lions driver egen førerhundskole i Norge



**SAUHERAD
KOMMUNE**

DnB NOR